

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 31. januar 2020 12:11  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 5/2020, 31. JANUAR

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 5/2020, 31. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### NOKUT-TILSYNET: 1.500 SIDER ER OVERSENDT!

NOKUT skal i 2020 føre tilsyn med Høgskulen i Voldas kvalitetssystem og ikkje minst korleis kvalitetsarbeidet blir utført. Som første trinn i tilsynsarbeidet har fagmiljøa og studieadministrasjonen levert skriftleg dokumentasjon til NOKUT. Papira skulle sendast i løpet av januar og vart sende torsdag 30. januar - og det vart heile 1.500 sider! Det tok ein halvtime å skrive dei ut. Dei 1.500 sidene foredeler seg slik:

- Institusjonsrapport (875 sider)
- Studieprogramrapport Bachelor i musikk (78 sider)
- Studieprogramrapport Bachelor i journalistikk, spesialisering avis/nett (232 sider)
- Studieprogramrapport Master i kultur møte (122 sider)
- Studieprogramrapport fellesgrad Ph.d.-program i helse- og sosialfag (246 sider)

[Merete Rotevatn](#) har vore koordinator for arbeidet, men både fagmiljøa og avdelingsadministrasjonen for dei aktuelle studia har lagt ned ein stor innsats for å svare best muleg på NOKUTs bestilling. Seinare vil NOKUT-komiteen kome på besøk til Volda og vil då ha samtalar med både studentar, fagtilsette og leiinga.

### STUDIEBAROMETERET: FRAMGANG FOR HØGSKULEN I VOLDA

I den årlege studentundersøkinga Studiebarometeret er det litt framgang for Høgskulen i Volda frå 2018 til 2019. Gjennomsnittsvurderinga til studentane ved Høgskulen i Volda er på karakteren 4,0 mot 3,9 året før. Studentane er samla sett mest nøgde med bibliotektenesta ved høgskulen. Det er gledeleg at vi også i år ligg i landstoppen i studentvurdering av biblioteket. [Meir om Studiebarometeret.](#)

### NETTSKJEMA: NYTT VERKTØY FOR FORSKING

Høgskulen har teke i bruk tenesta "Nettskjema" til bruk for forskning. Både spørjeundersøkingar og lydopptak (intervju) ligg inne i tenesta som er tilgjengeleg for HVO-tilsette og studentar via nettet med innlogging via Feide. Særleg viktig er det at tenesta oppfyller krav til personvern. For å gjere lydopptak må du også laste ned ein app til mobilen din. Tenesta er levert av Universitetet i Oslo. [Her er vår nettside med brukarretteiing og pålogging på Nettskjema.](#)

### FORSKINGSADMINISTRASJONEN: HENRIETTE HAFSAAS ER TILBAKE SOM FORSKINGSLEIAR

Henriette Hafsaas er tilbake som forskingssjef frå måndag 3. februar. Ho vil ut 2020 arbeide i 50 prosent stilling. Takk til Ola Teige som har vikariert som forskingsleiari fram til no! I [forskningsadministrasjonen](#) kan ein sende generelle spørsmål til e-post: [forskningsadministrasjonen@hivolda.no](mailto:forskningsadministrasjonen@hivolda.no).

For eksternt finansiering, kompetanseheving og spørsmål som gjeld Forskningsutvalet kan ein ta kontakt med forskingssjef [Henriette Hafsaas](#).

For spørsmål som gjeld Cristin, publisering, trykkjestøtte og Forskningsdagane: forskingsrådgivar [Geir Tangen](#).

For personvern og støtte til stipendiatar: Forskningsrådgivar [Ingvild Krogh](#).

## **GRATIS JOBSØKEKURS FOR STUDENTAR**

Det blir jobbsøkekurs for studentar på høgskulen 4. februar. Kurset vert arrangert i samarbeid med studentparlamentet, LO Møre og Romsdal og Høgskulen i Volda.

[Meir informasjon om kurset.](#)

## **INTERNASJONAL DAG 12. FEBRUAR: ANOUSHKA OG KASH KJEM!**

Den årlege "Internasjonal dag" på Høgskulen i Volda blir i 2020 arrangert 12. februar. Eit særleg trekkplaster med internasjonalt preg er kjærasteparet bak NRK-serien Hotell Kash King: Anoushka Nordby og Kash King. 10-15 internasjonale universitet har også turen til Volda for å bli kjent med studiebygda - og vi med dei. [Les meir om Anoushka og Kash og internasjonal dag.](#)

## **UTDANNINGSMESSER (1): VOLDA HADDE BESTE UTSTILLING!**

På utdanningsmessa i Ålesund vart utstillinga til Høgskulen i Volda kåra til den beste! Gratulasjonar til studentambassadørar og andre involverte i studieadministrasjonen og på informasjonskontoret.

## **UTDANNINGSMESSER (2): HØGSKULEN I VOLDA HAR GODE KORT**

Spesiallaga spelkort med Volda-motiv er eitt av bidraga for at Høgskulen i Volda skal bli lagt merke til blant mange andre tilbydarar av høgare utdanning på utdanning på utdanningsmesser landet rundt. Også med innleigd kortkunstnar. Så Volda har også heilt bokstaveleg gode kort å slå i bordet med! [Les meir om vårt bidrag på studentmessa i Trondheim.](#)

## **NETTVERKSSAMLING DIGIGLU: "Digital skaparkraft og dømmekraft"**

Vårens nettverkssamling om profesjonsfagleg digigal kompetanse i lærerutdanningane blir arrangert av Utdanningsdirektoratet saman med Høgskulen i Volda og OsloMet den 30.-31. mars 2020. Temaet for samlinga er "Digital skaparkraft og dømmekraft". [Her er meir informasjon om nettverkssamlinga.](#)

## **AMERIKANSK TEATERINSTRUKTØR GJORDE STERKT INNTRYKK**

Studentane på teater og drama har hatt gjestelærer frå USA: Den eksentriske professoren Brian Rhinehart gav studentane eit minne for livet gjennom undervisning etter prinsippa for "devising" som skodespelarane ikkje har replikkar og spelar på impuls innanfor nokre førehandsdefinerte reglar. Rhinehart er professor ved Actors Studio Drama School ved PACE University i New York og kontakten med Volda er oppretta gjennom voldas eigen Ray Corrado Knutsen som har studert drama i New York for nokre år tilbake.

[Les meir om Brian Rhinehart på våre nettsider.](#)

[Corrado Knutsens nettsider.](#)

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

30.1.2020: [Fagdag geriatri.](#)

12.2.2020: [Internasjonal dag.](#)

21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: [Nasjonalt PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

25.-26.3.2020: Solstrand-seminar. UH Nett Vest

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

30.-13.3.2020: Digiglu, nettverkssamling: [«Digital skaparkraft og dømmekraft»](#)

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse  
23.4.2020: Styremøte 2/2020  
28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk  
11.6.2020: Styremøte 3/2020  
18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)  
8.-19.6.2020: SEANSE: Kunstnaropphald  
18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

[Alle blogginnlegg](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)